


Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS



Kvam herad

Kontrakt mellom

Kvam herad
og
[Leverandør]

Rammeavtale for:
Røyrleggjararbeid VVS



Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

Kontrakt om partsforpliktelser mellom:

Kvam herad

(heretter kalla Oppdragsgjevar)

og

[Leverandør]

(heretter kalla Leverandør)

For Oppdragsgjevar:

For Leverandør:

<p>Stad: Norheimsund Dato: xx.xx.xxxx</p> <hr/> <p>e-signatur</p> <hr/> <p>Namn Stilling</p>	<p>Stad: Norheimsund Dato: xx.xx.xxxx</p> <hr/> <p>e-signatur</p> <hr/> <p>Namn Stilling</p>
--	--

Denne kontrakten er elektronisk signert.

Oppdragsgjevar og Leverandør tar vare på kvart sitt eksemplar av kontrakten.



Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

Skriftlege spørsmål i relasjon til Kontrakten

Alle skriftlege spørsmål vedkomande dette kontraktsforholdet skal sendast til følgjande epost-adresser:

Spørsmål til Oppdragsgjevar:

postmottak@kvam.herad.no

Spørsmål til Leverandør:

Kontaktpersonar hjå partane (navn, stilling, telefon, e-post)

For Oppdragsgjevar:

Namn: [namn]
Stilling: [stilling]
Telefon: [telefon]
E-post: [e-post]

For Leverandør:

Namn: [namn]
Stilling: [stilling]
Telefon: [telefon]
E-post: [e-post]



Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

Innhaldsliste

1.	Føremålet med kontrakten.....	5
2.	Dokument i kontrakten og rangordning	5
2.1	Dokument i kontrakten	5
2.2	Rangordning.....	5
2.3	Kontrakt ved einskildoppdrag (avrop) i rammeavtale.....	5
2.4	Bestilling av oppdrag - avrop.....	5
3.	Omfang og lengd	6
3.1	Omfang på kontrakten.....	6
3.2	Lengd på kontrakten	6
3.3	Pris	6
4.	Heving av kontrakt	6
4.1	Rett til heving.....	6
4.2	Forventa misleghald	6
4.3	Brot på krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår	7
5.	Betalingsvilkår	7
5.1	Fakturering	7
6.	Plikter Leverandøren har i samband med kontrakten.....	7
6.1	Kompetanseoverføring.....	7
6.2	Nøkkelpersonell og anna personell	7
6.3	Risiko og ansvar for kommunikasjon og dokumentasjon	8
6.4	Gjengs løns- og arbeidsvilkår	8
6.5	Andre plikter	8
7.	Overføring av rettar og plikter.....	8
8.	Endring	9
9.	Møter.....	9
10.	Teieplikt.....	9
11.	Tvistar	10
18.1	Rettsval og verneting.....	10
18.2	Forhandlingar	10
18.3	Domstols- eller voldgiftshandsaming	10



1. Føremålet med kontrakten

Føremålet med kontrakten er å regulera kva rettar og plikter partane har i samband med kjøp av tenester som omtala i konkurransegrunnlaget med vedlegg.

2. Dokument i kontrakten og rangordning

2.1 Dokument i kontrakten

Kontrakten inneholder følgjande dokument:

Det skal vera kryssa for i alle rubrikkar (ja eller nei)	Ja	Nei
Vedlegg 1: Konkurransegrunnlaget frå Oppdragsgjevar	X	
Vedlegg 2: Tilbod frå Leverandøren	X	
Vedlegg 3: Prisskjema	X	

2.2 Rangordning

Inneholder kontraktsdokumenta føresegner som er i strid med kvarandre, gjeld yngre føresegner framføre eldre, og avtaledokumentet og dei spesielt utarbeida føresegnene for kontrakten framføre denne standardkontrakten.

2.3 Kontrakt ved einskildoppdrag (avrop) i rammeavtale

Ved gjennomføringa av einskilde oppdrag (avrop) i rammeavtale skal ein av følgjande standardkontraktar nyttast:

- NS 8406
- NS 8407

2.4 Bestilling av oppdrag - avrop

Det skal fyllast ut byggeblankett for oppdraget. Dette gjeld ved alle avrop, både direkteavrop og i minikonkurransar.



Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

3. Omfang og lengd

3.1 Omfang på kontrakten

Kontrakten gjeld tenesteyting som spesifisert av oppdragsgjevar i konkurransedokumenta.

3.2 Lengd på kontrakten

Rammeavtalen har ein kontraktperioden på 2 år frå kontraktsignering. Oppdragsgjevar har opsjon på å forlenga avtalen på likelydande vilkår med inntil 1 + 1 år. Maksimal avtaleperiode er 4 år.

Opsjon vert automatisk løyst ut ved avtaledato (signeringsdato). Dersom oppdragsgjevar ikkje ynsker å nytta seg av retten til å forlenge avtalane, skal det gjevast skriftleg melding til leverandørane om dette 3 månader før dato for fornying (signeringsdato).

3.3 Pris

Pris går fram av tilbod eller minikonkurransar.

Eventuell rett til prisjustering er spesifisert i konkurransedokumenta.

4. Heving av kontrakt

4.1 Rett til heving

Begge partar kan heve kontrakten med umiddelbar verknad dersom den andre parten mislegheld sine plikter vesentleg.

Oppdragsgjevar kan heva kontrakten ved gjentakande:

- brot på kontraktsvilkåra
- därlege evalueringar ved utføring av oppdrag etter denne kontrakten
- därleg kvalitet på leveransen
- manglande oppfølging av responstid

Rettsmanglar vert rekna som vesentleg misleghald.

Konkurs, akkord o.l. på leverandørens side gjev oppdragsgjevaren rett til å heva kontrakten.

4.2 Forventa misleghald

Dersom det etter kontraktsinngåinga går fram at ein av partane ikkje kjem til å oppfylla ein vesentleg del av sine plikter anten

- grunna i handlemåten til ein av partane,
- eller av ein alvorleg svikt i partane sin kredittverdigheit eller evne til å oppfylla,





Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

kan den andre parten innstille si oppfylling og halda sine ytingar tilbake.

Dersom det forventa misleghaldet er vesentleg, kan partane heva kontrakten med umiddelbar verknad.

4.3 Brot på krav om gjengs løns- og arbeidsvilkår

Dersom leverandøren ikkje etterlever kravet til gjengs lønns- og arbeidsvilkår, jf. pkt. 6.4, har oppdragsgjevaren rett til å halda tilbake deler av vederlaget til det er dokumentert at forholdet er i orden. Summen som vert halde tilbake skal tilsvara ca. 2 gonger innsparinga for arbeidsgjevaren.

Dersom ikkje slike forhold blir retta opp utan ugrunna opphald konstituerer forholdet eit vesentleg kontraktsbrot som medfører rett til heving for oppdragsgjevaren.

5. Betalingsvilkår

5.1 Fakturering

5.1.1 Faktureringsrutinar

Fakturering skal skje med betaling pr. 30 kalenderdagar. Betalingsfristen begynner ikkje å gå før levering er skjedd og godkjent faktura er motteke. Som godkjent faktura vert rekna faktura som gjer det mogeleg for Oppdragsgjevar å kontrollera at det som er fakturert er levert, og elles i samsvar med det som er avtalt og dei krav Oppdragsgjevar har stilt.

Fakturering skal skje på EHF-format, og merkast i tråd med Oppdragsgjevar sine føringar.

5.1.2 Overdraging av faktura

Leverandøren kan ikkje overdra faktura til tredjemann for innkreving utan at det er henta inn skriftleg samtykkje frå oppdragsgjevar på førehand

6. Plikter Leverandøren har i samband med kontrakten

6.1 Kompetanseoverføring

På førespurnad frå oppdragsgjevar, skal leverandør innan rimeleg tid overføra kompetanse opparbeida under kontrakten til oppdragsgjevar på ein hensiktsmessig måte.

6.2 Nøkkelpersonell og anna personell

Leverandøren sitt nøkkelpersonell i samband med utføring av tenestene skal gå fram av tilbodet, eventuelt avtalast i etterkant.





Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

Skifte av nøkkelpersonell hos leverandøren krev skriftleg førehandsgodkjenning av oppdragsgjevar. Godkjenning kan ikkje nektast utan sakleg grunn.

Med mindre anna er avtalt mellom partane, skal nytt personell inneha minimum tilsvarende kompetanse og erfaring som utbytta nøkkelpersonell.

Ved bytte av personell som skuldast leverandøren, skal leverandøren bera kostnadane ved kompetanseoverføring til nytt personell.

Oppdragsgjevar kan krevja at personell som etter oppdragsgjevar sin oppfatning opptrer på klanderverdig måte eller som er ueigna til å utføra dei avtalte tenestene, straks skal skiftast ut for leverandøren sin kostnad.

6.3 Risiko og ansvar for kommunikasjon og dokumentasjon

Partane skal sørge for forsvarleg kommunikasjon, oppbevaring og sikkerheitskopiering av dokument og anna materiale av betydning for tenesteytinga/oppdraget uansett form, herunder e-post og anna elektronisk lagra materiale.

Leverandøren har risiko og ansvar for alt materiale, uansett form, som vert skada eller øydelagt mens det er under leverandøren sin kontroll og rådvelde.

6.4 Gjengs løns- og arbeidsvilkår

Leverandøren skal sørge for at tilsette i eigen organisasjon og tilsette hos eventuelle underleverandørar ikkje har därlegare lønns- og arbeidsforhold enn det som følgjer av gjeldande landsomfattande tariffavtale, eller det som er normalt for vedkomande stad og yrke. Dette gjeld berre for tilsette som direkte medverkar til å oppfylla kontrakten. Leiaren av verksemda er ansvarleg for at denne regelen vert etterlevd.

Alle kontraktar leverandøren inngår som medfører utføring av arbeid under denne kontrakten skal innehalda tilsvarende vilkår.

Leverandøren skal på oppfordring leggja fram dokumentasjon om dei lønns- og arbeidsvilkåra som vert nytta. Dokumentasjonsplikta gjeld og for underentreprenørar (underleverandørar).

6.5 Andre plikter

Pliktene elles føl av den standardkontrakten som vert nytta ved utføring av oppdraga.

7. Overføring av rettar og plikter

Partane kan ikkje overføre rettar eller plikter etter denne kontrakten til tredjepart utan etter skriftleg førehandssamtykke frå den andre parten. Samtykke kan ikkje nektast utan sakleg grunn.





Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

Dersom leverandøren fusjonerer eller fisjonerer har oppdragsgjevar rett til å heve kontrakten med umiddelbar verknad.

8. Endring

Dersom ein av partane etter at kontrakten er inngått har behov for å endra krava til tenesteytinga eller vederlag, tidsplanar eller andre vilkår for kontrakten på ein slik måte at karakteren ved kontraktsforholdet eller omfang vert endra, kan parten be om ein endringsavtale. Krav om endringar skal ein sjå på som eit tilbod som krev aksept frå den andre parten.

Endringar av kontrakten skal vera skriftlege, og dei må vera underteikna av ein person med tilstrekkeleg mynde på området frå kvar av partane.

9. Møter

Dersom ein av partane finn det naudsynt, kan parten med minst 3 – tre - kvardagars varsel innkalla til møte med den andre parten for å drøfta avtaleforholdet og måten avtaleforholdet vert gjennomført på.

10. Teieplikt

Informasjon som ein part blir kjent med i samband med kontrakten og gjennomføringa av kontrakten skal verta handsama konfidensielt, og ikkje verta gjort tilgjengeleg for utanforståande utan samtykke frå den andre parten.

Dersom oppdragsgjevar er ei offentleg verksemelding er teieplikt etter dette punktet ikkje meir omfattande enn det som følgjer av lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltingssaker (forvaltningslova) eller tilsvarande sektorspesifikke reguleringar.

Teieplikta er ikkje til hinder for utlevering av informasjon som vert kravd lagt fram i samsvar med lov eller forskrift, under dette og det offentlege og innsynsrett som følgjer av lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemelding (offentleglova). Om mogeleg skal den andre parten verta varsle før slik informasjon vert gjeven.

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningane vert brukt når inga grunngjeven interesse tilseier at dei vert halde hemmeleg, for eksempel når dei er allment kjent eller allment tilgjengeleg andre stader.

Partane skal ta nødvendige førehandsreglar for å sikra at uvedkommande ikkje får innsyn i eller kan bli kjent med informasjon som er omfatta av teieplikta.

Teieplikta gjeld også alle tilsette hjå partane, underleverandørar og tredjepartar som handlar på vegne av ein av partane i samband med gjennomføring av





Kontrakt – Røyrleggjararbeid VVS

kontrakten. Partane kan berre overføra informasjon som det gjeld teieplikt for til slike underleverandørar og tredjepartar i den grad dette er nødvendig for gjennomføring av kontrakten, med det vilkåret at desse vert pålagt plikt til konfidensialitet tilsvarannde dette punktet.

Teieplikta er ikkje til hinder for at partane kan nytta erfaring og kompetanse som vert opparbeida i samband med gjennomføringa av kontrakten.

Teieplikta gjeld også etter at avtalen er avslutta. Tilsette eller andre som sluttar i si teneste hjå ein av partane skal vera pålagt teieplikt, og etter at dei sluttar, om forhold som nemnt ovanfor.

11. Twistar

18.1 Rettsval og verneting

Rettar for partane og plikter etter denne kontrakten vert tolka og utfylt etter norsk rett. Verneting for twistar under denne kontrakten er det til ei kvar tid gjeldande verneting for oppdragsgjevar.

18.2 Forhandlingar

Dersom det oppstår ein twist om rettar og plikter for partane under eller i tilknyting til denne kontrakten, skal partane søkja å løysa twisten gjennom forhandlingar.

18.3 Domstols- eller voldgiftshandsaming

Fører forhandlingane ikkje fram innan avtalt tid, seinast innan 4 veker etter fyrste forhandlingsmøte, skal twisten verta avgjort av dei ordinære domstolane.

Partane kan i fellesskap i staden få twisten avgjort med endeleg verknad ved voldgift i Norge etter normalreglane i lov av 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift.

